

**MØTEBOK**

Utval: Kommunestyret
Møtedato 22.08.2019
Møtetid: Kl. 16:00 - 18:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Bright Olav Gåsdal	A
Harald Boge	A
Nils Aadland	A
Olaug Karin Øystese	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Solveig Vassenden	BL
Gunnar J. Bruvik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Inge Aasgaard	KRF
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP
Jon Magne Bogevik	UAVH

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Vidar Tveiterås	A	Gunn Østvik Petersen	A
Øyvind Strømmen	MDG	Magni Petersen	MDG

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Geir Kjell Andersland, barnerettsrådgjevar Barneadvokatene DA (i sak 037/19)

Fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) orienterte innleiingsvis i møtet om at på grunn av permisjonen som kommunestyret har vedteke for ordførar Knut Harald Frøland (Bl), har Frøland permisjon frå ordførarvervet nokre dagar per veke, mellom anna på torsdagar. Dei vekedagane Knut Harald Frøland har permisjon, er det Øyvind Røen som er fungerande ordførar. Øyvind Røen bad om at kommunestyret slutta seg til at Knut Harald Frøland likevel fekk sitja ved ordførarbordet i

kommunestyremøtet 22.08.2019, som ein slags varaordfører. Kommunestyret slutta seg til dette.

Møteleiar:	Øyvind Røen
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 23.08.2019

Øyvind Røen
fungerande ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
036/2019	19/730	Faste saker	
037/2019	19/255	Granskingsrapport barnevernsak	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/730	Løpenr: 19/6316
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.08.2019	036/2019

Faste saker

22.08.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Godkjent utan merknader.

Eventuelle merknader til protokollen frå førre møte

Ingen merknader.

Grunngjeve spørsmål:

Sture Tveit (H) hadde før møtet meldt inn spørsmål om vegarbeid som nyleg er gjort på Nytløtrævegen og om kva konsekvensar dette vil ha for det planlagte asfalteringsarbeidet på Tveit.

Etter at Sture Tveit hadde lagt fram spørsmålet i kommunestyret, las Charlotte Hageberg opp rådmannen sitt svar:

Det er vedteke 2 mill. inkl mva. til vegvedlikehald i 2019 budsjettet, og opprusting av Tveitaflaten var sett som 1.prioritet.

Då kommunen i juni fekk tilbake vedlikehaldsansvaret for Nytløtrævegen, vart teknisk drift nødt til å omprioritera på sitt budsjett.

For å gjera Nytløtrævegen klar til vintersesongen måtte noko av desse midlane nyttast til nødvendig rassikring og ny mur/rekkverk i nedre del av vegen. Arbeidet pågår og det er berre dei mest nødvendige tiltaka som vert gjennomført, slik at vintervedlikehald av vegen kan verte lagt ut på anbod. Kostnaden med utbetringa er på ca 1,3 mill.

Dei restande midlane i budsjettet for 2019 vil teknisk drift prioritera på Indre del av Tveitaflaten, der eit parti ved bekk held på å rasa ut. Det må løyvast nye midlar i 2020 for vidare opprusting av denne vegen.

Samrøystes vedtak.

KS- 036/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Charlotte Hageberg	Arkivkode: FA-F47
Arkivsaksnr: 19/255	Løpenr: 19/6128
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.08.2019	037/2019

Granskingsrapport barnevernsak

22.08.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp), Knut Harald Frøland (Bl), Karl B. Kollbotn (Frp) og Gunn Totland Moss (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre gjorde 21.02.2019 følgjande vedtak i sak 10/2019: "Kommunestyret ber om at det vert iverksett ei ekstern granskning av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskninga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdera metodane som er brukte []".

To av sakene er no ferdig granska, bortsett frå tilhøa for eitt av borna i sak 2 i rapporten som er lagt fram. Rapporten synleggjer alvorlege brot på barnevernlov og god forvaltningsskikk. Samnanger kommune vil som kommunalt barnevernsstyre svært tydeleg ta sin del av ansvaret for at dette har skjedd. Samnanger kommune vil difor be familane som er råka, om ei orsaking for den uretten og dei grunnlause skuldingane dei har vore utsette for. Kommunen gjev òg ei oppreisning på 150.000 kroner til barnet S, som er omtala i sak 1 i rapporten, - og samleis 150.000 kroner til kvart av borna A og S som sak 2 handlar om. Kommunen gjev i tillegg eit oppreisning på 100.000 kroner til kvar av fedrane i sak 1 og 2.

Det vert løyvd 250.000 kroner til å fullføra granskninga i samsvar med vedtaket frå 21.02. Rapporten frå denne siste delen av granskninga skal vera klar for politisk handsaming innan slutten av oktober 2019. Rapportane frå alle tre sakene skal samlast og presenterast i eit felles dokument.

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek å løyva kr.250.000,- til granskning av sak nr.3. Alle spørsmål om oppreisning vert handsama når også rapporten frå sak 3 ligg føre.

Etter den innleiande debatten bad fungerande ordførar Øyvind Røen om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Geir Kjell Andersland frå Barneadvokatene DA om arbeidet med granskninga, og om forskjellane mellom granskninga som no er gjort og granskninga som Advokatfirmaet Kyrre gjorde i 2013.

Inge Aasgaard trekte det første framlegget sitt, og sette i staden fram følgjande framlegg:
Samnanger kommunestyre vedtek å løyva inntil kr.500.000,- til å ferdigstillast granskinga. Då skal alle involverte barn vera med i granskinga, og sak 3 ferdigstillast. Alle spørsmål om oppreisning vert handsama når endeleg rapport er ferdigstilt.

Etter debatt om framlegget til Inge Aasgaard var det nytt gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Øyvind Røen på vegner av seg sjølv, Knut Harald Frøland, Karl B. Kollbotn og Gunn Totland Moss om at dei trekte det første framlegget sitt, og at dei i staden sette fram følgjande reviderte framlegg:

Samnanger kommunestyre gjorde 21.02.2019 følgjande vedtak i sak 10/2019: "Kommunestyret ber om at det vert iverksett ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdera metodane som er brukte []".

To av sakene er no ferdig granska, bortsett frå tilhøva for eitt barn i kvar av desse sakene. Rapporten som er lagd fram, synleggjer alvorlege brot på barnevernlov og god forvaltningsskikk. Samnanger kommune vil som kommunalt barnevernsstyre svært tydeleg ta sin del av ansvaret for at dette har skjedd. Samnanger kommune vil difor be familane som er råka, om ei orsaking for den uretten og dei grunnlause skuldningane dei har vore utsette for. Kommunen gjev òg ei oppreisning på 150.000 kroner til barnet S, som er omtala i sak 1 i rapporten, - og samleis 150.000 kroner til kvart av borna A og S som sak 2 handlar om. Kommunen gjev i tillegg eit oppreisning på 100.000 kroner til kvar av fedrane i sak 1 og 2.

Det vert løyvd inntil 350.000 kroner til å fullføra granskinga i samsvar med vedtaket frå 21.02, slik at alle borna i dei tre sakene vert vurderte. Rapporten frå denne siste delen av granskinga skal vera klar for politisk handsaming innan slutten av oktober 2019. Rapportane frå alle tre sakene skal samlast og presenterast i eit felles dokument.

Løvingane i saka vert henta frå disposisjonsfondet.

Inge Aasgaard trekte framlegget sitt.

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot framlegget til Øyvind Røen, Knut Harald Frøland, Karl B. Kollbotn og Gunn Totland Moss. Framlegget til Øyvind Røen, Knut Harald Frøland, Karl B. Kollbotn og Gunn Totland Moss vart samrøystes vedteke.

KS- 037/2019 Vedtak:

Samnanger kommunestyre gjorde 21.02.2019 følgjande vedtak i sak 10/2019: "Kommunestyret ber om at det vert iverksett ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdera metodane som er brukte []".

To av sakene er no ferdig granska, bortsett frå tilhøva for eitt barn i kvar av desse sakene. Rapporten som er lagd fram, synleggjer alvorlege brot på barnevernlov og god forvaltningsskikk. Samnanger kommune vil som kommunalt barnevernsstyre svært tydeleg ta sin del av ansvaret for at dette har skjedd. Samnanger kommune vil difor be familane som er råka, om ei orsaking for den uretten og dei grunnlause skuldningane dei har vore utsette for. Kommunen gjev òg ei oppreisning på 150.000 kroner til barnet S, som er omtala i sak 1 i rapporten, - og samleis 150.000 kroner til kvart av borna A og S som sak 2 handlar om. Kommunen gjev i tillegg eit oppreisning på 100.000 kroner til kvar av fedrane i sak 1 og 2.

Det vert løyvd inntil 350.000 kroner til å fullføra granskinga i samsvar med vedtaket frå 21.02, slik at alle borna i dei tre sakene vert vurderte. Rapporten frå denne siste delen av granskinga skal vera klar for politisk handsaming innan slutten av oktober 2019. Rapportane frå alle tre sakene skal samlast og presenterast i eit felles dokument.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

På bakgrunn av framlagde rapport vedtar KS å gje oppreising til dei to borna A og S med ein sum av 100 000,- kvar i saken som omhandlar dei.

På bakgrunn av framlagde rapport vedtar KS å gje oppreising til born S med ein sum av 100 000,- i saka som omfattar han.

KS vil i tillegg gje ein uforbeholden unnskyldning til familien Haga for dei påstandane som er framsett mot familien.

KS vedtek å innvilga 250 000 til å få utgreid sak nr 3.

Dokument som er vedlagt:

RAPPORT gransking barnevernet Samnanger 14-08-19

Kva saka gjeld:

Saka omhandlar barnevernets håndtering av 3 spesifikke saker.

Granskingas mandat framgår av vedtak i Samnanger kommunestyre 21.02.2019:

Kommunestyret ber om at det vert iverksatt ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdjar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdere metodane som er brukt.

Det må så langt som mogleg konkluderast i kvar av dei tre sakene og seiast noko om det ligg føre nokon grunn til oppreising i sakene. Rapport frå granskinga må liggja føre innan utgangen av oktober 2019. Kommunestyret skal få presentert resultatet av granskinga når rapporten ligg føre.

Rådmannen har ansvar for å førebu og gjennomføra konkurranse om granskingsoppdraget, og for å velja leverandør og inngå kontrakt med dei som skal gjennomføra oppdraget. Det er ein føresetnad at dei som skal gjennomføra oppdraget, må ha nødvendig barnevernfagleg og juridisk kompetanse. Det vert løyvd 600.000 kroner til dette arbeidet, finansiert av disposisjonsfondet. Dersom det vert behov for ytterlegare midlar, må det leggjast fram sak om dette i kommunestyret. »

Vurderingar og konsekvensar:

«Ut få den ramma som vart tildelt på 600 000,- har granskarane kun fått gjennomført to av sakene så langt i prosessen. Granskningsarbeidet i sak 1 og 2 har vore mykje meir omfattande og arbeidskrevjande enn opprinneleg antatt. Arbeidet har sprengt den tids -og kostnadsramma som er lagt til grunn i tilbydars tilbud. I sak 3 føreligg det eit svært breidt dokumentomfang. Granskarane har motteke 13 tjukke saksmapper fordelt på dei fire barna. Granskarane har ikkje hatt kapasitet til å ferdiggjesta granskinga i denne tredje saka innanfor dei føreliggjande tidsmessige og økonomiske rammer.

Rådmannen ber om ytterlegare 250 000,- til å fullføre granskinga i sak 3.

Hovedkonklusjonane i rapporten. (referert frå rapporten)

Granskingen har avdekket at barneverntjenesten i Samnanger i de granskede sakene på en rekke punkter har opptrådt i strid med både barnevernloven og god forvaltningsskikk. Dette gjelder blant

annet:

- **Manglende skriftlighet og dokumentasjon.** Det er et gjennomgående trekk at barneverntjenestens vurderinger i liten grad er dokumentert. Dette er brudd på god forvaltningsskikk og representerer et rettssikkerhetsproblem for de berørte barn og foreldre.
- **Manglende høring av barnas synspunkter.** Barneverntjenesten er forpliktet til å innhente og vurdere å ta hensyn til barnas synspunkter når barna er gamle eller modne nok til å ha en oppfatning. Det er ikke sannsynliggjort at barna har medvirket eller har fått sine synspunkter referert og vurdert.
- **Manglende vurderinger av alternativer.** Barneverntjenesten er forpliktet til å vurdere skånsomme alternativer når det gjennomføres akutt plasseringer. Dette ser ikke ut til å ha vært gjort.
- **Manglende hjelpetiltak.** Barneverntjenesten er forpliktet til å sette inn adekvate hjelpetiltak der dette er mulig, fremfor å velge mer inngripende tiltak. Dette ble ikke gjort.
- **Manglende revurderinger ved endret situasjon.** Barneverntjenesten er forpliktet til å vurdere saken på nytt ved endringer i familiesituasjonen som kan ha betydning. Det fremgår ikke om dette er gjort.
- **Manglende vurdering av fosterhjem etter omsorgsovertakelse.** Plikten til først å vurdere fosterhjem i barnets familie eller nære nettverk er ikke overholdt, heller ikke søskens behov for å vokse opp sammen er vurdert.
- **Mangelfullt tilsyn av fosterhjem.** Plikten til å følge opp barn i fosterhjem har ikke vært overholdt i samsvar med kravene i barnevernloven.
- **Sammenblanding av roller.** I Samnanger kommune var rollene som sosialleder og barnevernleder kombinert i en stilling i den perioden de granskede sakene pågikk. Dette er to ulike funksjoner med ulike oppgaver. I de foreliggende sakene ser det ut til at rollene har glidd over i hverandre, med uheldige resultater for privat part.
- **Manglende informasjon til foreldre.** Barneverntjenesten har ventet unødig lenge med å informere foreldre om tilbakeholdelse av barn og akutt plassering.

Vurdering av oppreisning:

Referert frå rapporten: «Norsk erstatningsrett er konservativ. Det skal kun erstattes påviselig økonomisk tap og det må godtgjøres at det er årsakssammenheng mellom den erstatningsutløsende hendelsen og det økonomiske tapet. Skal man vurdere en erstatning for tapt inntekt e.l. bør det i så fall legges frem dokumentasjon på hva man mener man skal ha erstattet.

Når det gjelder oppreisning har denne en annen karakter og er en erstatning for ikke-økonomisk tap. En oppreisning bærer ofte preg av å være et «plaster på såret» og en unnskyldning. Det er vanskelig å sette en økonomisk verdi på traumatiske opplevelser og tilknytningsbrudd, og granskerne vil anbefale Samnanger kommune å se hen til hvordan andre kommuner har løst dette.

Det er ikke etablert noen norm som er egnet til å fastsette en eventuell oppreisnings størrelse i saker som disse, verken av domstolene eller ved kommunal praksis. Denne type saker kan dessuten ha svært ulik karakter. Det er derfor vanskelig å anbefale størrelsen på eventuell kompensasjon i de sakene som her er gransket. Beslutning om oppreisning i saker som disse, vil antakelig like gjerne være et uttrykk for en politisk markering og ønske om forsoning som en erstatning i juridisk forstand».

Konklusjonane i denne rapporten er eintydige og kraftfulle i forhold til det kommunale barnevernets behandling av dei to sakene som er granska. Det arbeidet som er gjort i desse sakene kan ikkje seiast å byggja opp under nokon av verdiane våre i forhold til kvalitet og tillit. Det er likevel viktig for rådmannen å presisera at oppreisningssummane ikkje på nokon måte representerar kva rådmannen meiner ein øydelagd barndom og derpåfyljande øydelagd liv er verdt. Denne saka har vore og er ei stor belastning for dei berørte familiar, ansatte i administrasjonen og samnanger kommunes innbyggjarar. Oppreisninga må sjåast på som ein innrømmelse av at Samnanger kommune erkjenner at me har gjort ein dårleg jobb som har hatt store uheldige konsekvensar for dei berørte familiare på ein rekkje områder.

I desse sakene er me alle taparar når me ser kva konsekvensar dette har ført med seg, og rådmannen oppmodar alle partar til å ta lærdom av dette og ikkje vera opptatt av kven som fekk rett! Rådmannen ynskjer med dette å setja eit endeleg punktum i desse to sakene og håpar at både politikarar og andre forsoner seg med dette.»